

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 19.12.2014

Stad: Flå, Jakt- og Fiskesenteret

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Ingjerd Almås Anfinset,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buoen,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og Tom Hauger og regionkontakt Tore Gilhuus.
- Rådmannsutvalet deltok i sak 61, 62 og deler av sak 64.

SAK 61/14 VIDAREUTVIKLING KARRIERESENTER I HALLINGDAL

Utviklingssjef Kjersti Bærug Hulbakk og Kjersti Dovland, prosjektleiar karrieresenter i Buskerud Fylkeskommune orienterte om vidareutvikling av karrieresenter i Hallingdal (vedlagt presentasjon).

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ser på framlagt rapport for vidareutvikling av karrieresenter i Hallingdal som eit spennande utgangspunkt for å vurdere eit utvida karrieresenter/kompetansesenter i Hallingdal. Regionrådet ynskjer at det blir gjort utfyllande vurderingar og vil drøfta saka på januarmøte, for å gje innspel til det vidare arbeidet.

SAK 62/14 ORIENTERING OM PAPIRBREDDEN INNOVASJON AS

Dagleg leiar Tina Wågønes og prosjektleiar Elly Therese Thoresen i Papirbredden Innovasjon AS orienterte om selskapet som aktør i innovasjonsarbeid i Buskerud (vedlagt presentasjon). Helse, kultur og fornybare ressursar er satsingsområde, m.a. basert på regionen sine satsingsområde.

SAK 63/14 PROFILERING HALLINGDAL, ORIENTERING OM ARBEIDET

Prosjektleiar Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeidet med profilering Hallingdal, vedlagt presentasjon.

På neste møte vil Regionrådet få ein gjennomgang av profilhandboka til den nye profilen til Hallingdal.

Sak 64/14 EVENTUELTT

Skjønnsmidlar

Regionrådet for Hallingdal reagera sterkt på at bruk av skjønnsmidlar 2015 uavkorta skal gå til Kommunereformarbeidet. Dette skapar store problem for pågående prosjekt, der det ikkje på noko tidspunkt er gjeve signal om at skjønnsmidlar til pågående prosjekt ikkje blir vidareført. Dagleg leiar utarbeidar forslag til uttale som blir sendt fylkesmannen i Buskerud.

Kommunerevisjonen sin rolle

Det er ynskjeleg med eit felles møte med Kommunerevisjon IKS, ordførarar, rådmenn og leiarar i kontrollutvalet i kommunane i Hallingdal. Rådsordførar tek initiativ til møte.

Visit Hallingdal

Det blir laga eigen sak til januarmøte i forhold til prosjekt Regionrådet har forslått at det blir nytta midlar til, ref. sak 46/14.

Friluftslivets år

Friluftslivets år 2015 er ein del av Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv som Klima- og miljødepartementet (KLD) presenterte i august 2013. Friluftslivets år har tidlegare vore arrangert i 1993 og i 2005.

13. januar 2015 opnast Friluftslivets år 2015 og 14.januar på ettermiddagen vil det bli ei felles markering i Hallingdal som alle kommunane i Hallingdal står bak. Hallingdal Folkehøgskule og Regionrådet for Hallingdal vil stå for arrangementet.

SAFT

Ivar Brevik orienterte om SAFT i Ål kommune (samordning av førebyggjande tiltak).

Ål kommune utarbeidar notat om SAFT.

Ordninga blir drøfta i SLT Hallingdal for å sjå på event. samordning.

Aust – vest utgreiinga

Rapport frå Statens vegvesen om aust- vestutgreiinga blir offentleggjort den 21. januar.

Rapporten vil vera tilgjengeleg på <http://wwwntp.dep.no/> frå kl.15 denne dagen. Rapporten vil bli sendt ut på brei høyring.

SAK 65/14 SØKNAD OM DRIFTSMIDLAR TIL HALLINGKOST SA 2015-2017

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal meiner det er svært viktig å føre vidare det arbeidet som er utført av Hallingkost SA dei siste åra.
2. Regionrådet løyver eit årleg tilskot til vidareutvikling på kr. 150.000 pr. år, i tre-års perioden 2015 – 2017. Midlane blir teke frå regionalt næringsfond
3. Regionrådet for Hallingdal ber om ei årleg attendemelding om drift og økonomi.

SAK 66/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Ål 19.12.2014

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Ingjerd Almås Anfinset, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune

Vedlegg

- Presentasjon Sak 61/14, vidareutvikling av karrieresenter i Hallingdal
- Presentasjon Sak 62/14, orientering om Papirbredden Innovasjon AS
- Presentasjon Sak 63/14, orienterte om arbeidet med profilering Hallingdal